



--

Arkiv saknr:	2018/2713
Løpenr.:	7487/2019
Arkivkode:	37/36

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet		

Sakshandsamar: Odd Martin Nystog

## Oppstartsvedtak for ombygginga av Åmot brannstasjon og kommuneverkstad

### Vedlegg:

#### Dokument i saka:

PS 18/96 Årsbudsjett 2019 og økonomiplan 2019-2020

#### Bakgrunn:

I samsvar med budsjettsaka i kommunestyret 13.12.2018 vart det vedteke å utføre ei større ombygginga av Åmot brannstasjon der ein i tillegg såg på ei samlokalisering med sivilforsvaret. Vidare i saka vart det vedteke å utføre ei omfattande asbestsanering av kommuneverkstaden i tillegg til ei rehabilitering av eksisterande bygningsmasse.

Sidan sivilforsvaret nyttar store delar av kommuneverkstaden må desse 2 prosjekta sjåast i samanheng. Det vert difor søkt om oppstartsvedtak for begge prosjekta i same sak.

#### Vurdering:

##### *Brannstasjon:*

TDV saman med Rambøll Norge AS har utarbeidd eit forprosjekt knytt til ombygginga av Åmot brannstasjon. Forprosjektet basera seg på at Telenor Communications AS skulle flytte ut av brannstasjonen og deretter bygge eit nytt lokale på utsida av bygget. Utflyttinga vart opphavleg kalkulera av Telenor til å koste omlag 2MNOK, men etter nærare berekningar kom kalkyla på 5,9MNOK. Ein ser at kostnadane vart vesentleg høgare enn fyrst antatt og vert dermed uaktuelt å gjennomføre med dagens budsjett.

Det vart dermed bestemt at TDV saman med Rambøll Norge AS utarbeider eit nytt forprosjekt der ein baserar seg på at Telenor Communication AS beheld lokala som dei nyttar i dag. Dette vil truleg medføre eit større inngrep og kostnadsbilete er per i dag noko usikkert. Ein reknar mellombels med at ombygginga vil auke til omlag 12MNOK.

Forprosjektet bli satt i gang April 2019 der ein satsar på byggestart hausten 2019.

*Kommuneverkstad:*

I hovudsak omfattar prosjektet å rehabilitere/bygge om kommuneverkstaden for å betre garderobetilhøva, pauseromet, kontorplassane og lagringstilhøva. Det skal og utførast ei omfattande asbestsanering i heile bygget.

***Rådmannens framlegg til vedtak:***

<b>Formannskapet tek saka til vitande og gjev oppstartsvedtak i tråd med retningslinjene for investeringsprosjekt vedtekne i kommunestyret.</b>
-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/